

Pressemelding frå Stranda kommune – Tiltak i samband med koronasituasjonen

Næringsmiddelkommunen Stranda er i ei særstilling då svært mange arbeider i denne næringa.

Næringsmiddelproduksjonen er sett på som kritisk samfunnsfunksjon, dette gjev oss ei utfordring med stenging av skular og barnehagar. Dermed får kommunen problem med å etterleve intensjonen om smittereduserande tiltak.

Stranda kommune har i dag gjennomført møte med dei største næringsmiddelbedriftene. Dette grunna at det er mange tilsette med små barn som møter utfordringar rundt stenging av skular og barnehagar. Bedriftene sjølve har alt sett inn kompensierende tiltak for å løyse denne utfordringa. Stranda kommune vil gje ros for den prisverdige innsatsen og forståinga for felles dugnad, og godt samarbeid i ein krevjande situasjon.

Stranda, 13.03.20, kl 17:00